



# Lesekroken

AV TUVA BJØRKVOLD, FORFATTER, RESSURSLÆRER  
FOR NYSGJERRIGPER OG HØGSKOLELEKTOR I  
NORSK VED HØGSKOLEN I OSLO OG AKERSHUS

## Spørjeord

Undervisningsopplegg til artikkelen «Lynrask havkjempe» i Nygjerrigper nr. 4-14



Å stille spørsmål sjølv til teksten ein les, gjer at ein må forstå han. Det er ein effektiv måte å trekke ut sentrale moment i ein tekst. For elevar kan det vere enklare å ta utgangspunkt i spørjeorda når dei skal lage spørsmål, av di det automatisk blir spørsmål. Det gir også ein generell strategi for lesing som elevane kan nytte sidan, både for å overvake eiga lesing og for å samarbeide med andre om ein sakprega tekst. Målet er at spørsmåla til saman skal få med seg det viktigaste i artikkelen. Detaljar skal ikkje med i spørsmåla.

Det lettaste er å starte med spørjeorda som gjerne gir faktasvar i form av tal, namn eller få ord. *Kva, kor (fort, langt, snart, ofte ...)* og *kvar* er ein god start. Syn for elevane korleis dei kan lage spørsmål som gir relevante svar om temaet i artikkelen. Gå vidare med spørjeorda som treng større forståing i svara, *korleis* og *kvifor*. Hugs at elevane må kunne svare på spørsmåla sjølve, elles kan dei ikkje kontrollere om det andre svarer, er rett.

Når elevane har laga spørsmål, skal dei stille desse til ein annan elev. Den andre eleven skal svare, utan å titte i teksten. Om dette er vanskeleg, kan han titte, eventuelt få hjelp av den fyrste eleven til å finne svaret.

### Om Nygjerrigper og Lesekroken

Nygjerrigper er Noregs forskingsråd sitt tilbod til alle elevar og lærarar på 1.-7. steg. Vitskapsmagasinet Nygjerrigper, nettstaden [nygjerrigper.no](http://nygjerrigper.no), konkuransen Årets Nygjerrigper og ulike lærartilbod er viktige delar av verksemda. Les meir på [nygjerrigper.no](http://nygjerrigper.no)

Med Lesekroken gir Nygjerrigper tips til korleis tekstane i bladet kan brukast til å auke lesekompentansen i alle fag hos elevane. Les meir på [nygjerrigper.no/lesekroken](http://nygjerrigper.no/lesekroken)





Av Tuva Bjørkvold



## Oppgåver til «Lynrask havkjempe»

### 2.

#### Detektivlesing

- a)** Kvifor trur du fisken på biletet heiter *seglfisk*?
- b)** Kva for andre dyr veit du om som er omtrent like raske eller raskare enn seglfisken? (Tips: Titt på andre artiklar i bladet.)
- c)** Kva for funksjon har ryggen til fisken?

### 1.

#### Kva trur de?

*Snakk saman to og to.*

Korleis trur de ein rekordrask fisk ser ut?



### 3.

#### Lag spørsmål med spørjeord

*Jobb aleine med å lage spørsmål.*

- 1)** Lag spørsmål til artikkelen som startar med spørjeorda under.  
*Eksempel: Kor ... Kor fort kan seglfisken symje?*  
Kvar...  
Kva...  
Korleis...  
Kvifor...

*Jobb saman to og to.*

- 2a)** Still spørsmåla dine til ein annan elev. Om den andre ikkje veit svaret, peik på kvar i teksten ein kan finne svaret.
- b)** Svar på spørsmåla til ein annan elev, helst utan å titte i teksten.

